



FRANZEFOSSE GJENVINNING AS AVD FLORØ
Fjordbase Florø
6902 FLORØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristina Naasen Hellesnes, 5557 2030

Endring av løyve til Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø

Vi viser til søknad om endring av løyve til avfallsverksemd av 27.05.2024 og justert søknad av 16.10.2024.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar bedrifta sitt løyve til forureinande verksemd. Det oppdaterte løyvet 2025.0991.T med krav og vilkår ligg vedlagt. Endringane i løyvet gjeld frå i dag.

Løyve er endra med heimel i avfallsforskrifta § 11-6 og forureiningslova §§ 11 og 18 tredje ledd. Løyvet er endra etter ny mal for IED-anlegg med fleire tilvisingar til relevant lovverk.

Statsforvaltaren tek gebyr for arbeidet med endring av løyvet. På bakgrunn av den tid som er gått med til saksbehandlinga, vedtek vi gebyrsats 5, jf. forureningsforskrifta §39-4. Gebyret er 91 400,- kroner.

Fristar

Innan **01.08.2026** skal Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø sende inn

- Utgreiing av utslepp til vatn. Kravet kjem fram i løyvet i vilkår 8.1.
- Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn. Kravet kjem fram i løyvet i vilkår 8.2.

Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I Vurderinga vil vi særleg



sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, førevartilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Lova er ikkje relevant då verksemda ikkje skal ha utslepp til vatn.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forskrifta er ikkje relevant då verksemda ikkje skal ha utslepp til vatn.

Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta har reglar for å førebyggje og redusere miljøproblem frå fleire avfallstypar og avfallsanlegg som vi må ta omsyn til når vi gjev løyve. Mellom anna er deponering av avfall regulert i kapittel 9, og handtering av farleg avfall regulert i kapittel 11.

Forureiningsforskrifta kapittel 36

EUs industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett blant anna i forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sørge for at bedrifta med løyve til forureinande verksemd brukar beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst oppnår tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

Kort om bakgrunn for saka

Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø søker om å endre rammevilkåra for løyvet for tillatne avfallstypar og avfallsmengder. Endringane gjeld auka mengder av allereie godkjende avfallstypar: auka tankkapasitet frå 1200 tonn til 2400 tonn i samtidig lagra mengde, og samla tonnasje frå 15 000 tonn/år til 40 000 tonn/år. Verksemda har oppgitt faktor 1.2 på omrekning frå m³ til tonn. I tillegg søker verksemda løyve til mottak og lagring av saltholdige kompletteringsvæsker (avfallsstoff 7097), der årlege mengder og lagring av den nye avfallstypen vil inngå i dei totale mengdene verksemda søker om. Etter endring i løyvet vil løyve omfatte mottak og lagring av inntil 40 000 tonn avfall per år, der mengde avfall på verksemda sitt område ikkje på noko tidspunkt skal overstige 3400 tonn.

Samstundes med sakshandsaming av søknad om auka mengder vil Statsforvaltaren i Vestland revidere løyvet i sin heilskap etter ny mal.



Innkomne høyringsfråsegn

Endring av løyvet vart send på høyring 30.10.2025. Innspel er mottekne frå Swire Energy Services AS, Statens vegvesen og Kinn kommune.

Swire Energy Services AS

Verksemnda er godt kjent med eksisterande løyver og søknad om endring, og har elles ingen kommentarar til søknaden.

Statens vegvesen

Statens Vegvesen legg til grunn at det er kv. Botnastranda som vert nytta som veg ned til anlegget, som kryssar med rv.5 Florøvegen. Markert område for Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø ligg innanfor formålsområde industri, I15. Det står ikkje noko i søknaden om behov for nye bygningar eller konstruksjonar for auka mottak og lagring. Dersom det er snakk om det, og det er behov for endringar i, eller dispensasjon frå reguleringsplan, føreset Statens vegvesen at dei får dette til offentleg ettersyn. Statens vegvesen føreset at endringane i drifta er innanfor reglane i gjeldande reguleringsplan. Dersom tiltaket har behov for endringar i, eller dispensasjon frå plan, legg dei til grunn at kommunen sender dette på høyring til dei.

Kinn kommune

Kommunen har ikkje merknad til høyringa.

Innspela er lagt til grunn i våre vurderingar.

Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Grunngjeving for vedtaket

Statsforvaltaren har oppdatert løyve til forureinande verksemd på bakgrunn av søknad frå Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø.

BAT-vurdering

Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø driv med aktiviteten mellomagring av over 50 tonn farleg avfall, jf. forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.5, og er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED). Ettersom det ikkje er bindande BAT-AEL i BAT-konklusjonane for mellomagring av farleg avfall, får ikkje verksemnda utsleppsgrenser for denne typen aktivitet.

Verksemnda sin vurdering av BAT-konklusjonane av 18.03.2020 er vurdert og tatt til orientering, og vil ligge til grunn for tilsyn og framtidig sakshandsaming. Dersom verksemnda gjer endringar som kan ha følger for kva kategori dei fell inn under og kva for BAT-AEL som gjeld, må de sende ein ny BAT-vurdering og eventuelt søke om endring av løyve.

Fare for forureining

Statsforvaltaren vurderer at endringa det er søkt om ikkje vil medføra store endringar i risiko for ytre miljø. Endringane vil føre til noko meir trafikk inn og ut på området, men det meste av transport vil gå føre seg med båt. Alt mottak og lagring av farleg avfall skal gå føre seg innandørs, og aktiviteten skal difor ikkje ha utslepp til vatn. Tankparken er bygga med ringmur for eventuelle uhell og spill. Eksisterande ringmur vil ivareta krav til barriere med oppsamlingsvolum jf. forureiningsforskrifta



kap.18. Eventuell forureining i ringmur vil samlast opp med slamsugar og køyrast på bulk tankar, og ringmuren vil spylast rein og kvalitetssikrast før den blir godkjend for bruk igjen. All lagring av avfall i lukka lastebærare vil skje på tett dekke.

Verksemda har rutine for sjekk av vatn frå ringmuren gjennom test av pH og visuell sjekk av vatnet før det vert pumpa ut. Ved avvik på målingane eller ved søl til ringmur av slop vert alt forureina vatn i ringmuren teke opp med slamsugar og køyrt på bulk tankar, og ringmuren vert spylt rein og kvalitetssjekka før den vert godkjend for bruk igjen. Statsforvaltaren vil presisere at pH og visuell sjekk ikkje vil vere tilstrekkeleg for å måle ein eventuell forureining frå tankparken då dette ikkje vil avdekke om det har vore søl/lekkasje av avfallstypene i tankparken. Verksmeda må oppdatere sine rutinar for å sikre at dei ikkje har utslepp til vatn av stoff som ikkje kan avdekkast av pH og visuell sjekk.

Vi forutset at aktiviteten ikkje fører til utslepp av vatn. Likevel erfarer vi ofte at det er utslepp frå tankparkar. For å dokumentere at overvatn frå uteareal og vatn frå ringmur som går til utslepp ikkje er forureina, skal den driftsansvarlege kartlegge desse vasstraumane. Kravet kjem fram i løyvet i vilkår 8.1. Frist for innsending av utgreiing er **01.08.2026**.

Statsforvaltaren vurderer at søknaden om endring av avfallstypene på eit allereie etablert anlegg, som er i tråd med gjeldande regelverk, ikkje vil føra til nemneverdige effektar på miljøet. Vi har derfor ikkje føreteke vurderingar etter naturmangfaldlova eller vassforskrifta.

Informasjon om tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Krav til utarbeiding av tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn følgjer av IED, og er teke inn i norsk rett i forureiningsforskrifta § 36-21. Kravet vert inkludert i løyver ved endringar og revisjonar. Kravet kjem fram i løyvet i vilkår 8.2. Frist for innsending av rapport er **01.08.2026**.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at aktiviteten er akseptabel sett i lys av forureiningslova sine formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Løyvet vert gitt på nærare fastsette vilkår og går fram i løyvedokumentet.

Endringar i løyvets vilkår

Vi har oppdatert heile løyvet i tråd med dagens miljøkrav og ny mal for IED-anlegg med heimel i forureiningslova §§ 11 og 18 tredje ledd. Dette medfører at løyvet kan ha same krav gitt i ei anna ordlyd og rekkefølge, utan at det førar til nye pliktar for verksemda. Enkelte krav vil og vere forkorta eller fjerna da de no følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A ([Forskrift om begrensning av forurensning \(forurensningsforskriften\) - Del 8. Tillatelse til forurensning - Lovdata](#)) som gjeld i tillegg til krava i løyvet.

Punkt 1 har nye rammevilkår etter søknad.

Punkt 8 inneheld opplysningar om undersøkingar og utgreiingar.

Finansiell sikkerheit

Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø er omfatta av regelverket i avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 nr. 4 om krav til etablering av finansiell sikkerheit. Det vises og til vilkår 3.4.1 i løyvet.



Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø må gjere oppdaterte berekningar av si finansielle sikkerheit og sende det inn til Statsforvaltaren i Vestland. Sjå vedlagt Excel-fil.

Løyvet til auka mengde og nye avfallsfraksjonar kan takast i bruk når Statsforvaltaren har godkjent beløpet på ny finansiell sikkerheit i eige vedtaksbrev.

Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

Klagerett

Bedrifta og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram. Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til partane i saka.

Med helsing

Kristin Espeset
senioringeniør

Kristina Naasen Hellesnes
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Franzefoss Gjenvinning avd Florø - løyve etter forureiningslova - revidert i 2025
- 2 Kopi av Modell for beregning av finansiell garanti

Kopi til:

KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
SWIRE ENERGY SERVICES AS AVD FLORØ	Postboks 645	6901	FLORØ
FJORD BASE AS	Postboks 323	6901	FLORØ
FLORØ HAMN KINN KOMMUNE KF	Postboks 17	6901	FLORØ
SAR EIENDOMSFORVALTNING AS	Myrvangveien 6	4016	STAVANGER
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
EUROFINS HAVLANDET AS	Botnastranda 33	6900	FLORØ
HAVLANDET RAS PILOT AS	Postboks 6	6901	FLORØ
Arild Jan Solheim	Botnavegen 35	6907	Florø



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (forureiningslova), § 11 jf. §§ 16 og 29 og endra i medhald av § 18. Løyvet med seinare endringar er gitt på grunnlag av opplysningane i søknaden og under saksbehandlinga. Løyvet er oppdatert 26.11.2025 og erstattar tidlegare løyve.

Den driftsansvarlege må i god tid på førehand søkje om å endre løyvet, dersom det er ønske om å endre drifta på måtar som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda, og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra.

Dersom den driftsansvarlege ikkje har teke i bruk heile eller vesentlege delar av løyvet innan fire år etter at løyvet har tredd i kraft, skal den driftsansvarlege sende ei forklaring for omfanget av verksemda, slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

1.1.1.1 Nøkkeldata

Driftsansvarleg	Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø
Postadresse	Olav Ingstadsvei 5, PB 53, N-1309 Rud
Org. nummer Franzefoss Gjenvinning AS avd Florø	917 550 743
Næringskode og bransje	38.22 Behandling og disponering av farleg avfall
Namn på anlegget	Franzefoss Gjenvinning AS avd Florø
Kategori for verksemda ¹ / type verksemd	5.5 Mellombels lagring av farleg avfall
Plassering/gateadresse	Botnaneset 24, Bygg 28, 6900 Florø
Kommune og fylke	Kinn kommune, Vestland fylke
Lokalisering av verksemda	UTM-sone midtpunkt, aust: 293026, nord: 6837108
Gnr./bnr.	26/599

1.1.1.2 Referansane til forureiningsstyresmakta

Løyvenummer: 2025.0991.T	Anleggsnummer: 1401.0149.01	Arkivref.: 2019/3029
Løyve første gong gitt: 26.11.2025	Løyve sist revidert i medhald av forureiningslova § 18 tredje ledd: -	Løyve sist endra:
Kristin Espeset senioringeniør		Kristina Naasen Hellesnes rådgjevar

¹ Jf. *forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.



Innholdsliste

1	Ramma for løyvet	3
1.1	Lokalitet.....	3
1.2	Avfallstypar, -behandling og -mengder	3
2	Generelle vilkår.....	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å overhalde grenseverdiar	4
2.3	Internkontroll og kompetanse.....	4
2.4	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	4
2.5	Sikring og skjerming	5
3	Handtering av avfall.....	5
3.1	Generelle krav til avfallshandtering	5
3.2	Mottak av avfall.....	5
3.3	Lagring.....	6
3.4	Farleg avfall	6
3.4.1	Finansiell garanti.....	6
3.5	Krav til vidarelevering.....	7
3.6	Avfall som oppstår i verksemda	7
4	Utslepp til vatn	7
4.1	Handtering av vasstraumar og utsleppsreducerande tiltak	7
5	Utslepp til luft.....	7
5.1	Utslepp frå punktkjelder	7
5.2	Diffuse utslepp	7
6	Støy.....	7
7	Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta	8
7.1	Utsleppskontroll	8
7.2	Program for utsleppskontroll	8
7.3	Rapportering til forureiningsstyresmakta	9
8	Undersøkingar og utgreiingar	9
8.1	Utgreiing av utslepp	9
8.2	Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn	9



1 Ramma for løyvet

1.1 Lokalitet

Løyvet gjeld forureining frå drifta av Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø i Kinn kommune. Vedlegg 2 viser kart over området løyvet gjeld for.

1.2 Avfallstypar,-behandling og-mengder

Løyvet gjeld mottak og lagring av avfall. Løyvet gjeld for mottak av inntil 40 000 tonn avfall per år. Tabell 1 viser tillatne avfallstypar og behandling. Mengda avfall på verksemdsområdet skal ikkje på noko tidspunkt overstige 3400 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som blir lagra i påvente av behandling, avfall som er under behandling, og ferdig behandla avfall.

Tabell 1: Avfallstypar, avfallsmengder og lagringstid

Avfallstype	Maksimal mengd motteken per år (tonn)	Maksimalt på lagar til kvar tid (tonn)	Maksimal lagringstid (månader)
Lastebærer:	40 000	1000	12
7142 Oljebasert borevæske			
7144 Vassbasert borevæske som inneheld farlege stoff			
7143 Kaks oljebasert borevæske			
7143 Borerelatert, sluttifisert kaks			
7145 Kaks med vassbasert borevæske som inneheld farlege stoff			
Tankpark:	40 000	2400	12
7097 Salthaldige kompletteringsvæsker, brine			
7030 Oljehaldige emulsjonar, sloppvatn			
7031 Oljehaldige emulsjonar frå boredekk			
7165 Prosessvatn, vaskevatn			



2 Generelle vilkår

For verksemder som fell inn under forureiningsforskrifta kapittel 36A, gjeld krava i det forskriftskapittelet i tillegg til krava i løyvet.

2.1 Utsleppsavgrensingar

Utsleppskomponentane frå verksemda som ein meiner har størst miljømessig betydning, er uttrykkjeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkjeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp har komme fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å overhalde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal overhaldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for den aktuelle typen verksemd, i ei slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Internkontroll og kompetanse

Den driftsansvarlege pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at den driftsansvarlege overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Den driftsansvarlege pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Den driftsansvarlege pliktar til kvar tid å ha oversikt over alle forhold som kan medføre forureining, og å kunne gjere greie for risikoforhold.

Den driftsansvarlege skal til kvar tid ha tilstrekkeleg kompetanse til stades på anlegget til å kunne vurdere miljørisikoen ved verksemda og gjennomføre tiltak for å sikre at den driftsansvarlege driv i samsvar med løyvet og anna regelverk.

Avfallsforskrifta § 11-5 tredje ledd stiller krav til kompetanse for handtering av farleg avfall.

2.4 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining, pliktar den driftsansvarlege så langt det er mogleg utan urimelege kostnader å setje i verk nødvendige tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, inkludert å redusere eller innstille drifta.

Den driftsansvarlege skal så snart som mogleg informere forureiningsstyresmakta om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare.



Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast Kystverket i samsvar med gjeldande forskrift² Verksemda skal også så snart som mogleg underrette forureiningsmyndigheita i slike tilfelle via epost: sfvlpost@statsforvalteren.no.

2.5 Sikring og skjerming

Anlegget skal til kvar tid vere sikra mot tilgang for uvedkommande og tjuveri. Utanom opningstidene skal anlegget vere avstengt.

Den driftsansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av avfallshandteringa blir reduserte til eit minimum. Anlegget skal ha tilstrekkeleg skjerming, gjerde eller liknande for å unngå skjemmande innsyn og spreing av avfall.

Den driftsansvarlege skal fortløpande rydde opp avfall som hamnar utanfor anlegget. Den driftsansvarlege skal ha ein rutine for nedkjemping av skadedyr.

3 Handtering av avfall

3.1 Generelle krav til avfallshandtering

Krav i avfallsforskrifta kapittel 10a om utsortering og materialgjenvinning av enkelte avfallstypar gjeld i tillegg til krava i løyvet.

3.2 Mottak av avfall

Avfall skal vegast og registrerast inn til anlegget. Registreringa skal minimum bestå av

- avfallstype
- mengder
- opphav og leverandør
- dato for mottak

Oversikt over registrert avfall skal vere tilgjengeleg ved inspeksjon og oppbevarast i minst fem år.

Den driftsansvarlege skal ha skriftlege rutinar for mottakskontroll som sørgjer for at anlegget berre tek imot avfallstypar som er omfatta av løyvet. Det skal vere definert kva som skal kontrollerast ved mottak av avfall, inkludert behov for stikkprøvetaking og inspeksjon. Det skal også vere kriterium for når avfall skal avvisast.

Den driftsansvarlege skal informere kundar om kva avfallstypar det er tillate å levere til anlegget.

Dersom ein oppdagar avfall med usikkert innhald, skal ein undersøkje dette for å avklare innhaldet.

Avfall som verksemda har løyve til å handtere, men som ikkje kan handterast på ein forsvarleg måte ved anlegget, skal leverast til eit anlegg som har løyve, og som ein veit sikkert at kan behandle avfallet.

For mottak av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11.

² Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



Avvik i mottakskontrollen skal registrerast, og den driftsansvarlege skal ha system og rutinar for å følge opp avvik og hindre gjentakning.

3.3 Lagring

Lagra avfall skal vere merkt slik at det er tydeleg kva som er lagra. Den driftsansvarlege skal i tillegg ha kart der det er markert kvar ulike typar avfall er lagra, og ei oversikt over mengder, kvalitet og lagringstid for ulike typar avfall.

Avfall som ved samlagring eller samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danning av farlege stoff, skal lagrast for seg med nødvendig avstand.

Tankar, basseng o.l. som inneheld flytande avfall, skal ha overflyllingsvarsel/-alarm og, der det er teknisk mogleg, overflyllingsvern.

Tankar, basseng o.l. som inneheld flytande avfall, skal vere knytte til eit alarmanlegg som varslar personale ved plutselig nivåendring utanom tidsrommet der det skjer påfylling og uttapping.

Avfall med ukjent innhald skal lagrast innandørs på tett dekke inntil ein har skaffa fram nødvendig dokumentasjon på kva avfallet inneheld.

Ferdig behandla avfall skal lagrast åtskilt frå ubehandla avfall.

3.4 Farleg avfall

Anlegg som handterer farleg avfall, skal drive i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 Farlig avfall, inkludert vedlegg 4 Minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farlig avfall.

Lagring av farleg avfall på tankar må følge reglane i forureiningsforskrifta kapittel 18 Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall.

Stoff som ikkje kan samlastast ifølgje "Avtalen om internasjonal vegtransport av farlig gods" (ADR), skal lagrast for seg.

3.4.1 Finansiell garanti

Den driftsansvarlege skal stille finansiell garanti i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 4. Garantien skal dekkje kostnader ved å ta hand om alt farleg avfall ved verksemdsanlegget ved nedlegging, stans, vesentleg misleghald eller betalingsproblem.

Statsforvaltaren sine malar for kontopant eller påkravsgaranti skal nyttast for garantien. Dersom det kan godtgjerast at det vil gi tilsvarende tryggleik, kan forureiningsstyresmakta etter ei konkret vurdering akseptere annan garanti.

Forureiningsstyresmakta tek atterhald om å endre kravet til kor stor garantien skal vere, dersom nye opplysningar eller andre forhold tilseier at det er nødvendig. Forureiningsstyresmakta kan også stille krav om ytterlegare garanti.



3.5 Krav til vidarelevering

Avfall som blir levert ut av anlegget, skal vegast og registrerast. Registreringa skal som minimum bestå av

- avfallstype
- mengd
- mottakar

Den driftsansvarlege skal informere mottakaren om innhaldet i avfallet.

3.6 Avfall som oppstår i verksemda

Den driftsansvarlege skal ha oversikt over avfall som oppstår som følgje av eiga drift. Avfallet skal handterast i tråd med krava i forureiningslova § 32. Ved handtering av dette avfallet i eige anlegg skal avfallet vegast og registrerast inn på lik linje med anna avfall anlegget tek imot.

4 Utslepp til vatn

4.1 Handtering av vasstraumar og utsleppsreducerande tiltak

Den driftsansvarlege skal avskjere reint overvatn frå omgivnadene rundt anlegget. Reint overvatn frå verksemda skal handterast slik at det ikkje kan medføre skade eller ulempe for nærmiljøet. Vatn frå tak eller anna reint overvatn skal leiast utanom areal for avfallshandtering.

Det er ikkje tillat med utslepp av vann frå innandørs avfallshandtering. Avrenning frå innandørs avfallshandtering skal samlast opp og leverast til avfallsanlegg med løyve til å motta dette.

Reingjering av dekke, golv, konteinrar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

Verksemda skal ikkje ha utslepp til vatn frå handtering av avfall.

5 Utslepp til luft

5.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha utslepp til luft frå punktkjelder.

5.2 Diffuse utslepp

Verksemda skal ikkje ha diffuse utslepp³ til luft.

6 Støy

Det verksemda bidreg med av utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, skal ikkje overskride

³ Diffuse utslepp: alle utslepp utanom eventuelle punktkjelder



følgjande grenser, målte eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved den mest støyutsette fasaden:

Dag (kl. 07–19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19–23) $L_{pAekv4h}$	Laurdagar (kl. 07–23) $L_{pAekv16h}$	Søn-/heilagdag (kl. 07–23) $L_{pAekv16h}$	Natt (kl. 23–07) $L_{pAekv8h}$	Natt (kl. 23–07) L_{AFmax}
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

L_{pAeqT} er det A-vegne gjennomsnittsnivået (dB(A)) midla over driftstid, der T angir midlingstida i talet på timar.

L_{AFmax} er det gjennomsnittlege A-vegne maksimalnivået for dei 5–10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrensene skal overhaldast innanfor alle tidsperiodane. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing og lasting av råvarer og produkt. Grensene gjeld likevel ikkje støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå transport av tilsette til og frå verksemdsområdet.

7 Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta

7.1 Utsleppskontroll

Oppdaterte oversikter som viser leidningsnett, kummar, tankar, reinseinnretningar, utsleppspunkt, prøvetakingspunkt og liknande, skal vere tilgjengelege på anlegget til kvar tid.

7.2 Program for utsleppskontroll

Programmet for utsleppskontroll skal

- gjere greie for dei faktiske utsleppa frå verksemda til luft og vatn, og dessutan støy, med ei oversikt over alle utsleppsstraumar, volum og innhald
- beskrive dei ulike trinna i volumstrømmåling, prøvetaking, analyse og berekning for kvar straum og komponent
- beskrive måleutstyret som blir nytta til målingar, og frekvensen for måleutstyrskontroll og kalibrering
- grunngi valet av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- beskrive valde metodar/standardar for analyse
- om aktuelt, grunngi valet av frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analysar med eit akkreditert laboratorium



- gjere greie for kor mykje uvisse dei ulike trinna bidreg til

7.3 Rapportering til forureiningsstyresmakta

Den årlege rapporteringa skal omfatte ei vurdering av påverkinga for verksemda på miljøet i rapporteringsåret, ei oversikt over avfallsmengdene anlegget har teke imot, behandla og sendt vidare, kjende brot på løyvet, energi og andre miljømessige forhold ved verksemda.

8 Undersøkingar og utgreiingar

8.1 Utgreiing av utslepp

For å dokumentere at overvatn frå uteareal og vatn frå ringmur som går til utslepp ikkje er forureina, skal den driftsansvarlege kartlegge desse vasstraumane ved å

- anslå kva stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Den driftsansvarlege skal utføre nødvendige målingar for å kunne bestemme innhaldet av dei ulike stoffa i utsleppa;
- anslå storleiken på utsleppet per kjelde (vassmengd og årleg mengd av forureinande stoff);
- gjere ei miljørisikovurdering av desse utsleppa;
- gjere greie for moglege tiltak for å redusere utslepp av skadelege stoff. Forklaringa skal også vurdere kostnader for tiltak og forventa effekt på utslepp og angi ein tidsplan for tiltak.

Verksemda har ikkje løyve til utslepp av forureining til vatn. Dersom utgreiinga likevel viser innhald av forureining, vil Statsforvaltaren vurdere

- å regulere utslepp av prioriterte miljøgifter og andre stoff med miljømessig betydning med utsleppsgrenser
- om den driftsansvarlege bør gjennomføre tiltak for å redusere utslepp av skadelege stoff
- om utsleppa kan føre til uakseptabel miljøpåverknad

Utgreiinga skal sendast til forureiningsstyresmakta innan **01.08.2026**.

8.2 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Den driftsansvarlege skal vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga skal gjennomførast i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar *M-630/2016 Tilstandsrapport for industriområder*⁴.

Dersom den driftsansvarlege meiner forureiningsbiletet er godt dokumentert i tidlegare undersøkingar, skal tilstandsrapporten ferdigstillast i sin heilskap før han blir sendt inn. Dersom det er behov for nye undersøkingar for å kunne dokumentere tilstanden i grunnen, skal

⁴ [Tilstandsrapport for industriområder - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/tilstandsrapport-for-industriomrader)



undersøkingsprogrammet og rapportering frå trinn 1 til 5 sendast til forureiningsstyresmakta for vurdering før undersøkingane blir sette i gang.

Eldre og nye analyseresultat av grunnprøver skal leggjast inn i Miljødirektoratets database Grunnforurensning.

Der det verken har skjedd eller kan skje grunnforureining på verksemdsområdet, skal den driftsansvarlege avslutte og sende inn rapport frå dei innleiande undersøkingane (trinn 1–3 i rettleiaren). Rapporten skal sendast til forureiningsstyresmakta innan **01.08.2026**.

Dersom forureiningsstyresmakta med utgangspunkt i denne rapporten finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, vil den driftsansvarlege få pålegg om å utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med i Miljødirektoratets rettleiar M-630/2016.




Vedlegg 1: Omgrep og forkortingar

Omgrep	Forklaring
ADR	Avtalen om internasjonal vegtransport av farlig gods
BAT-AEL	Bat Associated Emission level – forpliktande utsléppsgrensenivå for verksemdar omfatta av IED
Den driftsansvarlege	Den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda
Diffuse utslépp	Alle utslépp utanom eventuelle punktkjelder
Fast dekke	Fast dekke med moglegheit for oppsamling av avrenning, t.d. asfalt
IED	Industriutsléppsdirektivet
Impulsstøy	Kortvarige, støyvise lydtrykk som varer under 1 sekund, og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6
Innandørs	Fire vegger, tak og dør eller port
Midlingstid	Tidsrommet for berekning av gjennomsnittet av prøvene i ei måling
Tett dekke	Fast, ugjennomtrengjeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle avfallstypane
Verksemd	Den forureinande aktiviteten på ein viss lokalitet



Vedlegg 2: Kart over området løyvet gjeld for



Franzefoss Gjenvinning AS avd. Florø sitt område markert i raudt i bileta.